

# Årsmelding 2015

Hareidsstemna

9.-18. OKTOBER 2015



**Stemneleiing:** Sølvi Iren Utgård, Hans Otto Øvrelid.

**Styre:** Dag Brekke (leiar), Ragnhild Strømmegjerde, Hans Otto Øvrelid, Leiv Arne Grimstad og Grete Nedrelid.

**Vara:** Marit Kvammen, Kristine Hareide.

**Valnemnd:** Rannveig Frøysa, Karen Margrete Mork og Elling Bjåstad.



## Styret sitt arbeid

Styret har gjennom året halde i både det økonomiske, budsjettering og det kunstnariske innhaldet i nært og godt samarbeid med stem-

neleiinga. I lag med **arbeidskomiteane** – som er ein framifrå tilgang for styret – vart den 54. utgåva av Hareidsstemna vel gjennomført.

Før den formelle åpninga var det på fredag opning av amatørkunstutstilling på Melshorn Hotell, Polarkveld på Ishavsmuseet Aarvak, samt middag med påfølgande konsert på Melshorn Hotell.

### Kunstutstilling på Melshorn Hotell

3 Hareidsdølar, Alv Rise, Bente Mork Blindheim og Ingunn Haddal, stilte ut kunsten sin – flotte naturbilete og fargerike abstrakte maleri som fall i god smak hjå publikum.

På **Polarkvelden** var det føredrag ved Kjell Tokstad frå Sandefjord som er leiar i Øyas Venner på Sør-Georgia. Han hadde mange spennande opplevingar å fortelje om frå kvalfangarstasjonen Grytvika, den første landstasjonen i Antarktis, dit han første gong kom som 15-åring i 1960-61.

Deretter var det konserten «The past is a present» på Melshorn Hotell med gruppa «**Ronald & the Moneymakers**» som hadde kosta støv av 18 klassikarar frå 50 og 60-talet. Alt vart flott framført av dyktige musikarar.



## Laurdag 10. oktober

**Opning** ved bysta av Johan H. Grimstad. Koret hans, Hareid blandakor, deltok med song og det vart pynta med blomar. Positivt å stengje av for trafikk framfor koret, og mikrofon betra lydtilhøva.

**Opning i Hareid Kunstlag sine lokalar** var prega av mykje publikum då lokale Klare Susanne Grimstad Angelskar var utstillaren med “Borderlines” som tema denne veka. Oddbjørn Grimstad tok publikum med på gjennomgang av hennar varierte bidrag etter at varaordførar Kristian Fuglseth heldt opning og erklæra Hareidsstemna 2015 for opna. Klare song også saman med Frid og Glede, som bidrog musikalsk.



## Glede, Gollj, Frid og litt Gråstein

Det var god stemning i salen, og publikum fekk sjå Gollj og Gråstein ispedd Frid og Glede. Ei god blanding som skapte variasjon på scena. Latter og glade utrop fra publikum også når Paul Sandanger, gjestearartist, drog igang slageren "Bonde ifrå Hareid".

## Søndag 11. oktober Fantekunst

opna kunstutstilling av Jamine Paul Scanlon, FAWN, Marius Vartdal, Matias Mikkelsen, Kristine Hareide, Eva Hessen, Anders Pilskog, Cecilie Hole. Flott at desse lokala vert nytta slik at Hareid med dette får ein arena til å vise fram dei mange talent. Ulike uttrykk vist i ulik ramme og miljø.

## Gla' konsert med Hjørungavåg Brass

under leiing av Svein Smørdal. Trygve Sætre og Stine Nilsen var solistar og gjennomførte solid 80-tallshits. Ørjan Liavåg og Wilhelm Korsnes Støylen var like solide konsertleiarar for publikum. Med ulike illustrasjonar med rekvisittar, og innspel frå scena som intro for neste låt, var det heile ein flott kveld. Musikk og humor og 80-talls kledde musikantar.

## Mandag 12. oktober

**Lyrikktime** - mange diktlesarar og gild stemning.

## Tirsdag 13. oktober

### Hareid Skulekorps

I samband med at skulekorpset feirar sitt 50-årsjubileum heldt dei ein flott konsert saman med Håkon Esplo og hans venner i "Snikk snakk"

### Balljegove

Hareid mållag hadde sett i hop eit rikhaldig program til balljegova på tysdagskvelden. Liv Randi Bjørlykke deltok med kåseri og det var nydeleg song ved Ann-Cesilie Skundberg med tonefølgje av Ørjan Liavåg. Ein kviss skapte god stemning i salen som var fylt til siste plass, tilliks med balljemiddagen som var like god som den alltid brukar å vere.

## Onsdag 14. oktober

"I love rock'n roll" med Hareid musikk- og kulturskule vart ei imponerende breiddeomstring. Eit forseggjort opplegg der alle kunst- og kulturformer var med.

## Torsdag 15. oktober The King's Singers

Den britiske vokalgruppa vitja Hareid med konsert i Hareidhallen. Første del eit klassisk preg, andre del etter pausen var meir popprega. To ulike avdelingar med pause mellom. Det vart eit spennande møte med ei gruppe med historie og oppstart som gruppe på 60-talet. Gruppa fekk fin respons frå publikum, og The Kings Singers syntes samarbeidet med scene og lyd undervegs var heilt flott. Dei takka i etterkant for at dei fekk kome og syngje på Hareid.



Velkommen til

# Hareidsstemna

9.-18. oktober 2015



DAG/DATO og TID	PROGRAM	STAD
<b>Fredag 9. okt.</b>		
17.00	<b>Amatørutstilling</b> Bente Mork Blindheim, Alv Rise og Ingunn Haddal. Ope i hotellet si opningstid kvar dag til kl 21.00.	Melshorn Hotell
19.00	<b>Polarkveld</b> m/foredrag Middag etterpå. Foredrag + middag kr 300. Berre foredraget: kr 100.	Ishavsmuseet
20.00	<b>Ronald Øvreid &amp; The Moneymakers</b> Kr 200. (kr. 150 for den som kjem tidleg for middag)	Melshorn Hotell
<b>Laurdag 10. okt.</b>		
15.00	<b>Song og blomar</b> ved Johan H. Grimstad-bysta Hareid blandakor.	Loket
15.30	<b>Offisiell opning av Hareidsstemna</b>	Galleriet
19.00	<b>Opning</b> av Klare Grimstad Angelskår si kunstutstilling. Frid og Glede. "Glede, Gollj, Frid og litt Gråstein" Gollj og Gråstein + Frid og Glede. V: kr 200. B u/16 år: kr 50.	Hareidhallen
<b>Søndag 11. okt.</b>		
11.00	<b>Gudsteneste</b> v/ Barbro Østrem Hausttakkefest.	Hareid kyrkje
14.00	<b>Fantekunst</b> - til kl 18 opningsdagen. Måndag, tysdag og onsdag kl 18-20. Jamie Paul Scanlon, FAWN, Marius Vartdal, Matias Mikkelsen, Kristine Hareide, Eva Hessen, Andreas Pilskog, Cecilie Hole.	Trudvang
19.00	<b>Gla'konsert, Hjørungavåg Brass</b> 80-talspop. Solistar: Trygve Sætre og Stine Nilsen. Programleiarar: Ørjan Liavåg og William Støylen. V: kr. 250. B u/16 år: kr. 100.	Hareidhallen
<b>Måndag 12. okt.</b>		
19.00	<b>Lyrikktime</b> Dikt, kaffi og kaker. Gratis.	Vonheim, Bigset
<b>Tysdag 13. okt.</b>		
18.00	<b>Snikk-Snakk, Hareid skulekorps 50 år</b> Haakon Esplo. V: kr 200. B: kr 50.	Hareidhallen
19.00	<b>Balljgøve</b> Liv-Randi Bjørlykke, Ørjan Liavåg og meir. Kr 250. Førehandssal på Statoil og Strax.	Holesanden
<b>Onsdag 14. okt.</b>		
19.00	<b>"I love rock'n roll"</b> Hareid musikk- og kulturskule. Gratis.	Hareidhallen
<b>Torsdag 15. okt.</b>		
19.00	<b>The King's Singers</b> Verdskjend britisk vokalgruppe held show. Kr 380.	Hareidhallen
<b>Fredag 16. okt.</b>		
16.30	<b>Grimstadkoret held programtime</b>	Hadartun
19.00	<b>Konsertoverrasking</b>	Trudvang
20.00	<b>Ungdomskveld</b>	Bigset kulturoase
<b>Laurdag 17. okt.</b>		
14.00	<b>Snipsøyrvatnet Rundt</b> Påmelding i klubbhuset frå kl 12.30.	Bigsetkrysset (start)
17.00	<b>Stemnekafe fram til stemnefesten startar</b>	Ungdomsskuleaulaen
19.00	<b>Stemnefest</b> Alle dei faste postane og mykje meir. Kr 250.	Hareidhallen
<b>Søndag 18. okt.</b>		
11.00	<b>Festgudsteneste</b> v/ Kristian Myklebust 50-årskonfirmantane og årets konfirmantar er med.	Hareid kyrkje
12.00	<b>HESTENS DAG</b> i ridehallen i Hjørungavåg	Ridehallen
13.00	<b>Middagsservering</b>	Ishavsmuseet
18.00	<b>"Akk, mon min vei", Bigset Blandakor</b> Programvertar: Ole Frank Bakken og Ingvil E. Grimstad. V: kr 200. Barn u/16 år gratis.	Hareid kyrkje

\* Klare Grimstad Angelskår si kunstutstilling i Galleriet (ved Hareid bedehus) er open slik: Laurdag 10. okt.: 15.30-18. Søndag 11. okt.: 16-18. Mån-, tys-, ons-, tors- og fredag: 17-19. Laurdag 17. okt.: 15-17. Søndag 18. okt.: 16-18.

## Fredag 16. oktober

**Grimstadkoret** heldt programtime. Det kom mykje folk til denne stunda på Hadartun. Dette er eit populært innslag som mange vil ha med seg. Mikrofonen verka ikkje, men det gjekk bra utan.

**Ungdomskvelden** på Bigset kulturoase samla godt med folk til aktivitetar og underhaldning.

## Laurdag 17.10.15 STEMNEFESTEN

Kor og korps, latter og song, alt i ei pakke i Hareidshallen

Bigset skule 5. –7. klasse opna med song

Kora som deltok : Hareid Kammerkor som var 40 årsjubilarantar, Anne Britt G. Jørnli mottok helsing. Vidare deltok Grimstadkoret, Hareid Ten Sing, Gollj og Gråstein, Lyst ( damekor fra Ørsta )

Rak Marie Hatløy song akk av Håvard Fylsvik og Håvard Sundnes. Dimnarevyen deltok i to bolkar; ein song om ølbrygging på Hareid, og Torgeir Grimstad som pensjonert prest Atle Hopland.

Musikklaget Melshorn spelte og sto for kakesal i år. Hareid Skulakorps spela og fekk heider som 50 års jubilarantar.

Harald Grytten heldt hovudtalen i 10 kapittel og skildra by og land og menneska som bur der. Og Her. Med høge kneløft og med sitt gode blikk fekk han skildra så alle kjente seg igjen. Han gjekk over tidsramma, og etter publikums latter å døme kunne han ha tatt det heile om att.

Hareids store son Edvard Ingjald Moser blei, via storskjerm frå Trondheim, overrekk heider frå Anders Riise for innsatsen det er å ha vorte Nobelpriisvinnar. Han fekk også overrekk ei helsing frå Hareidsstemna.

Dansarane frå Ulsteinvik deltok med innslag som skapte anna stemning på scena. Jo Inge Nes på slagverk, Daniel Herskedal på tuba og Marius Neset saxofonist var innhyra for kvelden. Dyktige og røynde musikarar som også har spela saman før.

Anders Riise delte ut Kulturprisen 2015 til Vidar Vollsæter for innsatsen og engasjementet han har lagt ned for idretten i ei årrekke. 20.000 kr blei overrekk som stor sjekk og til trampeklapp.

50-årskonfirmant Maggie Baker (Margaret Jakobsen) kom frå Toronto til stemnefesten og fekk heider som den mest langvegsfarande.

Jan Morten Nilsen fekk og heider å ta med for Hjørungavåg Turlag.

Stemnekunsten 2015 var eit flott maleri laga av lokal kunstnar Nikoline Bjåstad Hustadnes. Reproduksjonar av stemnekunsten vart gjeve som gåve til tilreisande aktørar og til dei ulike arrangørar av tilstellingane under stemneveka.

Anne Holstad i samarbeid med Rolf Magnus Orø på regi fekk merksemd for den gode jobben dei gjer for at denne festen skal ha god kvalitet. Førarbeid med opptak for intro og overgongar på festen, samt å ta ivare aktørane undervegs frå lydprøvar om dagen til gjennomføring gjennom festkvelden. Medialinja i Volda og Lydkjellaren under leiing av Erik Valderhaug sitt gode øyre, er i teamet for at scena og festen held stand slik den er idag.

Også i år delt hall med frie seter og numrerte førehands selde seter. Dette ser ut til å fungere etter etterspørselen bra.



Både Hestens dag i Hjørungavåg og kyrkjekonserten med Bigset Blandakor, som skulle vere søndag 18. oktober, måtte av ulike årsaker avlysast.

## Generelt

Lydkjellaren frå Ålesund gjorde ein framifrå jobb med lyd og lys under heile stemna, og medielinja frå Høgskulen i Volda gjorde ein flott jobb både under stemnefesten og under Silya-konserten.

## Takk

Hareidsstemna vil rette stor takk til alle arrangørar som har vore med og fylt stemneveka med aktivitetar og opplevingar, alle aktørane på dei ulike arrangementa, alle medhjelparar både foran og



HOVEDSPONSOR 2015:



**HAREID KOMMUNE**



**SPAREBANKEN MØRE**



SPONSORAR 2015:



VI STØTTAR HAREIDSSTEMNA:



Ulstein Betongindustri AS  
Island Offshore Shipping AS  
Regnskapsservice AS  
G. Eilertsen AS  
T. Riise AS  
Floriss Hareid (Angelsen)

Holstad Rørservice AS  
Libra Plast AS  
P.F. Waage AS  
Euronics Hareid (Elektrosenteret AS)  
Art Frisør  
Bellis Blomster & Byrå AS

Bunnpris Hareid  
COOP Prix Hareid  
Trådkråa  
Møbelringen Ulsteinvik  
Conplan AS